

Småbarnstreff med Noahs Ark på Fjellandsbøvatn onsdag 9. desember.

07.12.2020



Ein modell av Noahs Ark på Fjellandsbøvatnet er til vanleg sentral i formidlinga.

Det vert nytt Småbarnstreff ved Fjellandsbøvatn onsdag 9. desember. Frammøte i Friheim kl. 10.00. Alle går i kohort grupper til gapahuken der det vert aktivitetar, mellom anna styltegong, hoppar tau, julesong, andakt og graut med mandelen i. Ein modell av Noahs Ark er til vanleg sentral i formidlinga. Denne gongen handlar det mest om julebodskapen.

Småbarnstreffet, som til vanleg er lagt til Uskedal Bedehus, vert gjennomført i koronatida ute i det fri. Tilbodet er for born i alderen 0 - 6 år. Det er høve for andre til å vera med. Meld frå på Facebookgruppa eller på sms til 950 82 320 før kl. 16 tysdag 8. desember.

Smittevernreglane gjeld. Kle dykk etter veret. Dei som ikkje maktar å gå inn til vatnet, kan bruka bil.

Tekst/foto: Nelly Kjærland
Nett: Kristian Bringedal